



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Oktober 2012

Pb. 79, 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00 E-post: postmottak@meland.kommune.no • www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

Kunngjeringar

Frekhaug legesenter

INFLUENSA- VAKSINERING HAUSTEN 2012



Kommunen har tilbod om influensavaksinerings for personar i risikogrupperne.

Oppmøte: Ambulanseinnngangen, Frekhaug legesenter, kl 10.00-14.00
følgjande dagar:

- Mandag 22. oktober
- Fredag 26. oktober
- Fredag 2. november

Utanom desse datoar vil det og vere høve til å få sett vaksinen hjå fastlegen.
Pris: kr 120,-

Følgjande grupper er definert som risikogrupper, og er særskild tilrådd vaksine:

- Alle frå fylte 65 år
- Folk som bur i omsorgsbustad og sjukeheim.
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester)
- Personar med regelmessig kontakt med levande gris.
- Barn og vaksne med:
 - diabetes mellitus, type 1 og 2
 - kronisk luftvegssjukdom
 - kronisk hjarte-/karsjukdom
 - kronisk leversvikt
 - kronisk nyresvikt
 - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade
 - nedsett infeksjonsforsvar
 - fedme (BMI over 40)

Kommuneoverlegen i Meland

Meland bilbibliotek

Utstillinga «Fløksand før og no» kan sjåast på biblioteket fram til og med 3. november. Du kan og få kjøpe boka «Fløksand forteller» pris kr. 350,-



Rosslund avdeling har boksal frå 17. oktober i avdelinga si opningstid. Kjøp eit nett til kr. 50,- og fyll så mange bøker du kan i nettet. Opningstida er onsdag frå kl.14 – 16 og fredag frå kl.15 – 19

Bli med på Haustles!
23.10.12 kl.12.00 presenterer personalet bøker som kan vere verdte å lese. Vi serverer kaffe/te og litt attåt.

Nordhordland Litterære Selskap har møte på Lindås bibliotek 25. oktober kl.19.00. Vi snakkar om boka «Skulpturen» av Åshild Thuen. Velkommen!

6.11.12 har vi eventyrstund for førskulebarn kl.10.30.

Hestesportsklubbar i Nordhordland presenterer seg på biblioteket måndag 12. november kl.19.00.

OPNINGSTIDER
Meland bibliotek vil vere stengt laurdagar inntil vidare.

Opningstidene ved hovudbiblioteket vil førebels vere slik:

Måndag kl. 14 – 19
Tysdag kl. 10 – 16
Torsdag kl. 14 – 19
Fredag kl. 10 – 14

Meland kulturskule

Meland kulturskule har nokre få ledige plassar på grunnkurs (for 1. og 2. klassingar) måndag kl 16.45 – 17.30

Grunnkurset gjev elevane eit godt grunnlag for å finne kva disiplin som akkurat dei kunne ønskje å lære meir om, og er eit tilbod for nye elevar i kulturskulen. Her vil vi legge grunnlaget for vidare opplæring i dei ulike faga i kulturskulen; song, spel, rytme, melodi, bli kjend med ulike instrument, og vi hospiterer på dans, visuell kunst og teater.

Undervisninga er i speilsalen i 2. etasje i Meland Aktiv. Lyst å vere med? Ein elevplass i kulturskulen kostar kr. 1.500,- per semester (kr. 3.000,- i året). 25%/50% søskenrabatt.

Påmeldingskjema finn ein på kommunen si heimeside www.meland.kommune.no

For meir informasjon, ta kontakt på tlf. 56 17 10 64, eller kulturskulen@meland.kommune.no

Utmeldingsfrist Meland kulturskule

Dersom ein ønskjer å melde ut eleven frå 1. januar 2013 er utmeldingsfristen sett til 1. november. Utmeldinga må vere skriftleg, men kan sendast på e-post til kulturskulen@meland.kommune.no

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenster

Endring av reguleringsplan for Moldekleiv

Utval for drift og utvikling vedtok i møte 13.03.2012, sak 016/12, endring av reguleringsplan for Moldekleiv. Endringa inneber at Sjøvegen vert fysisk steng med bom ved gnr 27 bnr 218. Bommen vert montert 11.10.2012 og frå same dato er vegen stengd for gjennomkjøring.

Ny trafikkisikringsplan

Meland kommunestyre har 12. 09.2012 vedteke ny Tiltaksplan for trafikkisikring som skal gjelde frå 2012 til 2016.

Den nye tiltaksplanen er ein revisjon av "Trafikkisikringsplan 2007-2010". Målsetjinga til planen har vore å gje eit oppdatert bilete av status i kommunen når det gjeld trafikkisikring, for dermed å kunne sette inn tiltak der det er høve for å betre situasjonen.

Planen er tilgjengeleg på www.meland.kommune.no under kommunale planer og i resepsjonen på Meland rådhus.

Planmelding 03/2012

EIGENGODKJENNING AV REGULERINGSPLAN(DETALJ)

Utval for drift og utvikling har i møte 02.10.2012 gjort vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan, jf plan- og bygningslova § 12-12, 2.ledd:

Mjåtveit Næringspark - planID 1256 2012 0001, arkivID 12/832

Detaljregulering av område til kombinert føremål forretning, kontor, og næring samt tenesteyting. Planen legg til rette for tilkomst til hovudveg samt ordning for gang og sykkelveg og busstopp. Vidare er det gjeve rammer for vatn og avlaup samt handtering av overflatevatn og etablering av rensesepark.

Verknad av reguleringsplan

Godkjend reguleringsplan er, etter pbl § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innfor planområdet, jf pbl § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, herunder bruksendring etter § 31-2, jf også § 1-6, 2. ledd, må ikkje være i strid med planens arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for avgjerd av søknad om løyve eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokst. a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning i medhald av pbl § 15-3 og krav om innløyseing etter § 15-2, må vere framsett seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Godkjenninga av reguleringsplanen kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf pbl §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 30 dagar frå kunngjeringsdato. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune

Tilgjengeleg planarkiv

Vedtekte planar er og tilgjengeleg i digitalt planarkiv. Ein finn link til BRAPLAN på www.meland.kommune.no Nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

OPNE MØTE OKTOBER/NOVEMBER 2012

	Dag	Dato	Kl.	Møtestad
Kommunestyret	Onsdag	24.10	17.00	Kantina
Utval for drift og utvikling	Tysdag	30.10	09.00	Møterom 3
Formannskapet	Onsdag	07.11	09.00	Formannskapssal
Utval for levekår	Tysdag	13.11	09.00	Formannskapssal
Utval for drift og utvikling	Tysdag	20.11	09.00	Møterom 3
Formannskapsmøte	Onsdag	21.11	Etter møte i Adm. utval som startar kl. 09.00	Formannskapssal

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleva. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir vert lagt ut i sentralen på Rådhuset og på Meland bibliotek, Frekhaug - minst 5 dagar før møtet. Dei er også tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no, under Innsyn.

